

Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 24.mars 2021

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Onsdag 24.mars 2021 kl. 17.00-19.00.
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Kaffi:	Marit Stalheim Grimstad
Opning:	Jens Arne Stautland

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Innkalla: Oddbjørg K. Løkling, Heine Kaldefoss, Marta Kristin Valvatne, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Marit S. Grimstad, Jørgen Knudsen (geistleg representant), Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten

Forfall: Randi Bod Haugsdal, Kristine Wiersen, Ståle Betten

SAKLISTE

2022/13- 012.1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

2021/ 14-012.1: Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 18.ferbruar 2021

Vedtak: Godkjent

2021/15 - 350: Soknediakon Olaug Arnesen Gloppen tek del i soknerådsmøtet.

Saksutgreiing: Soknerådet ynskjer å invitere tilsette i staben til soknerådet slik at dei kan orientere om arbeidet, seia noko om tankar og draumar framover og om kva dei forventar av oss i soknerådet. Til dette soknerådet har me invitert diakon Olaug Arnesen Gloppen.

På møtet ynskjer me å ha særleg fokus på diakoniarbeidet i Nysæter kyrkjelyd. Kva me til no har hatt fokus på og kva tankar og draumar me har framover.

Soknerådet møtte ein engasjert og målretta diakon som opplever godt samarbeid med diakoniutvalet og kyrkjelydane. Visjonen hennar er «mykje fellesskapsbyggjande arbeid der alle kjenner seg inkludert». Diakonen sitt arbeid er i fyrste omgang å administrera og inspirera frivillige til tenesta. Vårt fokus må heile tida vere: Korleis kan me vera ei kyrkje for folk i Sagvåg?

Soknerådet ynskjer vidare eit nært samarbeid med diakonen og ynskjer henne all lukke til i arbeidet!

2021/16 – 150: Uttale ang søknad om lån frå Fellesrådet til Kyrkjestova.

Stord Kyrkjelege Fellesråd har motteke ein søknad frå Kyrkjestova Fredheim om å låna NOK 1,6 millionar rente- og eller avdragsfritt. Fellesrådet har bede sokneråda om å uttala seg om følgjande:

1. Er soknerådet positiv til at Stord Kyrkjelege fellesråd gjev eit rentefritt lån på NOK 1,6 millionar til kyrkjestova Fredheim?

2. Er soknerådet positiv til at Stord Kyrkjelege fellesråd gjev eit rente og avdragsfritt lån på NOK 1,6 millionar til kyrkjestova Fredheim.

Vedtak:

1. Nysæter sokneråd rår Fellesrådet til å gje eit rentefritt lån på NOK 1,6 millionar til Kyrkjestova Fredheim.

2. Lånet skal ha 10 års nedbetalingstid. Ettersom kornarestriksjonane vanskeleggjer inntekstgjevande utleige, skal nedbetalinga starta 12 mnd etter at koronarestriksjonane er oppheva.

Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 24.mars 2021

2021/17 -46 Kyrkjelyden sitt årsmøte

Saksutgreiing.

Kyrkjelyden skal avhalde årsmøte kvart år. Årsmeldinga er lagt ved i innkallinga.

Vedtak: Grunna koronarestriksjonar vert årsmøtet i Nysæter kyrkjelyd dette året elektronisk. Det vert kunngjort i Bladet Sunnhordland og på kyrkja si heimeside før påske. Årsmeldinga vert lagd på kyrkja si heimeside seinast veke 14 med høve for tilbakemeldingar innan 18.04.2021. Eventuelle merknader til årsmeldinga vert handsama av Au som så legg det fram for soknerådet.

• Referat og meldingar

- 1) Møtebok frå fellesrådesmøte 10.februar
- 2) Møtebok frå Stord sokneråd
- 3) Møtebok frå diakoniutvalet (februar)
- 4) Møtebok frå diakoniutvalet (mars)
- 5) Møtebok frå gudstenesteutvalet
- 6) Oppsummerande tankar frå møte i jubileumskomiteen
- 7) Munnleg refr frå KFUK/KFUM
- 8) Munnleg refr frå møte i Frivilleggruppa

9) **Generell info:**

- a. Kyrkjelege aktivitetar framover: føl med på kyrkja si heimeside
- b. Smittevern
- c. Gudstenestene framover: ingen fysiske gudstenester i påsken
- d. Orientering – tilsetting: prosessen er godt i gong, kandidatar er intervjuja

Vedlegg:

1. Møtebok for soknerådsmøtet 18.februar
2. Søknad til fellesrådet
3. Møtebok frå fellesrådesmøte 10.februar
4. Møtebok frå Stord sokneråd
5. Møtebok frå diakoniutvalet (februar)
6. Møtebok frå diakoniutvalet (mars)
7. Møtebok frå gudstenesteutvalet
8. Oppsummerande tankar frå møte i jubileumskomiteen
9. Årsmelding frå soknerådet: ingen merknader

Marit Stalheim Grimstad
Soknerådsleiar
Sign

Oddbjørg K. Løkling
Nestleiar /referent
Sign

Neste møte i soknerådet vert 27.april kl. 17.00

Kaffi: Oddbjørg K. Løkling

Opning: Ingeborg R. Grønsdal